



Arkivnr: 2014/10189-74

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.09.2015
Fylkestinget		13.10.2015

Godtgjersle til folkevalde - justering av satsane i 2015

Samandrag

Etter reglementet skal godtgjersla til dei folkevalde regulerast i samsvar med tariffjusteringar. Denne saka gjeld slik regulering etter tariffoppgjeret for 2015.

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 3,2 % pr. 1. mai 2015 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv vert fastsett til kr 868 500,-

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert justert tilsvarende.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.09.2015

KS har gjeve følgjande oversyn over det sentrale oppgjeret for KS-området i 2015:

Overheng til 2015	1,90 %
Anslag for lønnsglidning i 2015	0,20 %
Sentrale tillegg pr. 1.5.2015 (avtalt i 2014)	0,96 %
Minste grunnlønn etter 20 års lønnsansiennitet	0,15 %
Total ramme (beregnet årslønnsvekst 2014 – 2015)	3,2 %

At årslønnsveksten er 3,2 % vil seie at gjennomsnittsløna i heile KS-området vert 3,2 % høgare i 2015 enn i 2014. Ein skil mellom årslønnsvekst - som er auken i gjennomsnittsløna frå eit år til det neste - og datolønnsveksten, som er det tillegget som vert gjeve ein bestemt dato.

Det har vore praksis at ein ikkje tek med tillegg i minstelønssatsar når ein justerer godtgjersla for folkevalde. Om ein held dette utanfor (0,15%), vert årslønnsveksten 3,05%.

Ein legg til grunn verknadsdato 1. mai.

For å oppnå ein årslønnsvekst på 3,05% må utrekningsgrunnlaget aukast frå kr 841 500 til kr 868 500. Datotillegget utgjer 3,2%.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert også auka med 3,2 % frå 1. mai 2015.